

Dyrefangst og veideliv i Bygland



Torgeir Moseid

Torgeir Moseid:

Dyrefangst og veideliv i Bygland

Utgjeve av verdiskapingsprosjektet
Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell,
og
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei
og Ryfylkeheiane.

Utforming: Naturinform SA, 4230 Sand
Bilde villrein fram- og bakside: Ragnar Djuvik
Omslagsbilde lav: Rune Roalkvam, Naturinform SA
Andre bilde villrein: Ragnar Djuvik
Øvrige bilde: forfattere eller forfattere arkiv der ikkje anna
er oppgitt.

Trykk: Haugesund Bok og Offset, Haugesund,

2022



Villrein. Foto Ragnar Djuvik.

Innleiing

Heilt sidan steinalderen har det vore drive villreinjakt i Bygland. I dette heftet dreg forfattaren dei lange linene frå dei første veidemenn tok seg innover i landet og fram til vår tid.

Setesdalen skil dei to villreinområda Setesdal Austhei villreinområde og Setesdal Ryfylke villreinområde. Tidlegare var det ein del utveksling av dyr mellom områda. I dag skjer det berre sporadisk heilt nord i dalføret. Med utspring i tamreindrifta i Bykle har villreinen i Setesdal Austhei ei litt anna historie enn stamma i Setesdal Ryfylke. I dette heftet har ein difor vald å halde fokus på stamma i vestheia.

I ein periode på 1960- og 70-talet vart det felt relativt mange villrein i Bygland vesthei. Dette heng nok mykje saman med ein stor stammestorleik i denne perioden. På den tida var det også færre stengsler dyra treffe på i sine vandringar på leit etter dei beste beita og kalvingsområda.

I Bygland vesthei har fellingstala dei siste tjue åra ligge på ein stad mellom 5 og 10 dyr. Det betyr at det er stadig færre som veks opp med desse jakttradisjonane og med dette får eit tilhøve til denne delen av heielivet. Vonleg kan denne soga vera eit lite bidrag til å halde liv i tradisjonane og samstundes minne om kva betydning villreinen har hatt fram til vår tid.

Tilsvarende hefte om den lokale villreinhistoria er også skriva for kommunane Kvinesdal, Hjelmeland og Sirdal. For Åseral er det laga ein eigen film om emnet. Felles for desse kommunane er at villreinjakta og fellingstala har gått mykje attende dei siste åra.

Den lokale villreinhistorie for Bygland er ført i pennen av Torgeir Moseid frå Byglandsfjord. Ein stor takk for arbeidet som er gjort.

God lesnad mens vi venter på dyra!

Jonny Liland

*Styreleiar for SVR og leiar for verdiskapingsprosjektet
Kunnskapsformidling omvillrein og villreinfjell.*

Veidefolket kjem

Lenge låg landet vårt i dvale, men etter kvart som isen drog seg tilbake, vart nytt land tilgjengeleg for planter og dyr, og veidefolket kom etter. Ut over siste halvdel av denne eldste jegersteinalderen, som varte fram til om lag 4000 f.Kr., kom det stadig fleire grupper som hadde våga seg over sjørenna nordom Doggerland eller opp langs kysten i aust. Om vinteren låg den djupe Norskerenna isdekt og gjorde slik landet vårt tilgjengeleg. Dei busette seg raskt i smågrupper sør- og vestover det nye landet som reiste seg av iskappa. Eit mildt klima gjorde at dei kunne hauste frå naturen i rikt mon.

Dei busette seg gjerne der elvene frå innlandet møtte havet, og seinsommarstid la ei slik gruppe i veg innover vassdraget mot nord. Dei var unge og kraftige veidemenn, og med seg hadde dei eit par eldre som var kjende innover langs vassdraget og heilt opp til heia der dei kunne jakte reinsdyr. Dette var dyr dei kjende frå landet sørom der dei kom frå, og det nye landet som isen hadde gøymt, lokka dyr og folk til seg.

Reinsdyra var viktige for desse folka. Utanom kjøtet trong dei store og gode skinnfellar både til klede og enkle husvære. Jamvel beina kunne nyttast til reiskap og våpen. Fangstturen oppover vassdraget som fekk namn etter oterdyret, gjekk greitt med dei lette skinnbåtane som kunne berast forbi elvestryk og fossar. Like oppom siste fossen opna det seg ein stor fjord, og her ved vassenden på Vassendøya møtte dei andre grupper frå flokken. Her og på strandbreiddene rundt var frendane deira meir bufaste, sjølv om dei også trekte ut att til kysten når vinteren var i


kominga.

Øya i sørenden av den lange fjorden, etter kvart kjend som Byglandsfjorden, låg midt i eit rikt fangstområde med vilt og fisk. Ein bekk frå heia i aust rann nordom øya og ut i elveløpet i vest. Her var det eit smalt stryk, og det var opparbeidd to større buplassar her. Dette var sikre fangststader for dei hjortedyra som kryssa sundet, og når dyra fyrst var i vatnet, skulle det ikkje mykje til for å veide dei med klubber, spyd eller piler. Hjort og elg kryssa mellom aust og vest her, og det fanst rikeleg med andefugl og gjæser og skogsfugl, hare og bever. Det er god grunn til å tru at buplassane i Vestheim på øya og rundt i nærområdet var stader der veidefolket frå kysten oppheldt seg i heile den varmaste årstida. Kan hende drog dei saman med jegergruppene som tok seg opp i heia etter reinen, nedover vassdraget att når desse kom tilbake. Dei frakta sikkert med seg det dei kunne, og viktigast var nok lasset med nye huder som ville halde kvinnene i arbeid utover vinteren. Det var mangt som skulle lagast til.

Veidegruppa vi har fylgt frå kysten, stoppar ikkje for lenge – dei veit at i nord skal dei opp i fjella og jakte på reinen, sjølv målet for reisa. Det er lettast å ta seg vidare langs fjorden, og alt ved det fyrste store neset mot aust møter dei andre fangstfolk ved denne rike fiskeplassen. I båtane nordover legg dei vekt bak padleårene i den friske austavinden. Tunge tak, men dei veit at ein periode med slik vind lovar godt for jakta. Reinen vestfrå trekker i retning dalen med slik vind.

Fyrste natta kvilte dei i livd av skogen ved ei ny innsnevring i fjorden. Her var det elvestryk





Til venstre: Skinnbåt.

Over: Vestheim på Vassendøya. Steinalderfamilie for 5000 år sia.

Til høyre: Riksantikvaren sitt kart over steinalderspor på vestsida av Vassendøya. Innteikna etter at området vart frigitt og øya utvida. Deler av funnstaden ligg såleis under lagertomta til sagbruket. Det var her dei rikaste funna vart gjort. Utlånt av Reidar Tveito, Byglandsfjord.



og gode utvegar for fangst, men dei hadde fått med mat i leirkar for denne dagen, slik at dei kunne padle så langt som dei hadde gjort.

Godt utpå neste dag når dei på ny elvesand i nordenden av den lange fjorden. Her ved Ose(n) fell det ein svær foss nedover fjellsida i vest, og det er ein fin stad for litt fiskefangst før dei held fram oppover elva som er ganske brei og roleg her eit langt stykke oppover. Beversporden slår i vatnet, og ein orrhane skjener innover mellom furuleggane. Det er meir livd her, og kveldssola skjer seg ned bakom fjella dei er på veg til. Her i øvre delen av Bygland ligg snaufjella vestover mot ei samanhengande fjellvidde der reinsdyra har sine regelmessige vandringar.

Veiding etter reinen

Dei eldre i flokken visste lettaste vegen til fjells. Ved Heggland fylgde dei ein fjelldal opp til eit vatn i vassdraget som rann vestom dei næraste fjella. Dette vassdraget renn ut ved Mandal og startar øvst oppe ved Reinlid (Røynlivatn). Reinlid er målet for menneskeflokken vår, men her ved vatnet (Hægstøyl) skal dei møte ei anna gruppe som har teke seg opp frå kysten langs dette vassdraget. Dei veit ikkje så vel alt om tid, men dei ventar på kvarandre. Ved å samordne jakta veit dei at dei kan vere meir effektive, og dei blir fleire til å bere utbyttet sørover att. Som det veidefolket dei er, har dei ingen vanskar med å halde seg med fisk og vilt den tida det tek å samordne seg. Vinden har heile tida halde seg



Veidemann, kart og rein.
Frå «Spor – fortidsnytt» nr. 2/91.

frå aust. Han er ikkje så sterk, men meir enn nok til at han gjev det draget i lufta som reinen føler seg trygg med å sette mulen imot. Akkurat som veidefolket som lærte seg jaktkunnskap, har reinen sine instinkt. Desse forandrar seg ikkje fort, og det er når jegeren lærer seg desse vanane, at han blir overmannen til byttet.

Reinlidvatnet sildrar seg ut mot aust ned i ein stor kverv og vidare nedover til havet folka kom over for lenge sidan. Halve gruppa legg seg til

Fangstgrav (t.v.) og bogestille. Frå magasinet "Spor - fortidsnytt" nr 2/1991.



her ved osen med om lag like mange på sør- og nordsida av bekken. Dyra kan kome ned langs bekken på sørsida, eller dei kan krysse osen og trekke nordaustover mot Sigurdsheia, som det heiter i dag. Dei andre går opp ei gjote sørvestover til dei kjem opp på ein ås som gjev utsyn til heile det store vatnet. I sør går det eit platå langs vatnet – inst ligg eit par småtjørner, og bakom reiser det høgste fjellet seg – Reinshornheii. Det er fleire øyar i vatnet, og nede til venstre er det ei vakker sandstrand. Ho går i ein boge vestover til nokre steinar ved vatnet. Her er det eit bogestille. Det står der den dag i dag – lite og trongt, men ein god og innarbeidd post i trekket. Fleire større steinar rundt gjev skjul, og nokre av mennene legg seg til. Vinden er perfekt – dyretrekket kan kome vestfrå langs plataet ved vatnet eller ned ein steinete bekkedal som gjev frå seg vatn frå Kolshei-tjørnane til Reinlidvatn. Resten av veidarane legg seg til på rekke øvst på denne utsiktsåsen der det er skjul å finne. Dei veit at om det kjem dyr vestfrå, vil dei alle få høve til å felle. Jamvel dei nede ved osen vil ha sjanse sidan også skremd rein set av garde mot vinden.

Tanken med å dele den samla flokken med veidarar lenger nede var at dei siste skulle ta seg oppover utløpet mot vatnet sørom desse som var på post. Ved Kolshei gjekk dei nordover på begge sidene av dette mindre vatnet, og her var sjansen stor for å støkke dyr nordaustover, forbi tjørnene med utløp til Reinlidvatn og veidarane rundt bogestillet, eller dyra kunne kome over åsen mot bekkeosen om dei rende i veg vidare nordover. Når desse drivarane kom fram mot vatnet, svinga dei vestover fjellet og tilbake langs vatnet for å få med heile terrenget. Her oppe på fjellet hadde ikkje veidefolka båtar, slik at det kunne ikkje nytte å jage dyra på vatnet. Det var pil og boge som var våpena, og ved ytterlegare hjelp av spyd og småklubber skulle dyra lett kunne veidast.

Om vi no tenker oss at jakta til veidefolket var vellukka, og at dei kunne vende sørover att med det dei hadde bruk for til neste gong, og tenker vidare at vi går fram i tid, langt fram i tid, så er det veidefolket som endrar seg – ikkje reinen eller terrenget.

Mot nye tider

Etter ein lang periode med veidefolk som berre hadde rovdyra å konkurrere med, gjekk steinalderen over i ein jordbruksperiode der det vart vanlegare med fastare busetting. Sjølvsaft kunne det bli konflikhtar av dette, likevel var dei nok ikkje så mange slik at det gjekk på eit vis. Men det store skiftet mellom gamal og nyare tid var på gang. Vi gjekk over til ei tid der dei bufaste etter kvart sette genetiske spor og fekk rotfeste til eigedom i staden for berre til viltet. Dette kombinasjonsbruket fortregnde etter kvart dei gamle veidarane sidan dei stadeigne fekk fortrinn frå å ha eigedom og å vere nært utmark. Men det var framleis fritt fram med jakt for alle, og det gjekk uvegerleg mot meir ufred mellom folk.

Eit noko særmerkt innslag av nye veidarar er dei som vart kalla «elgsamar», som var ei samisk busetting som kan ha kome så tidleg som for 2500 år sidan. I Fædrelandsvennen av 6. mai 2011 har fylkeskonservator Stylegar og arkeolog Bergstøl ein interessant artikkel om dette. Vi veit lite om elgsamane, og vi veit ikkje sikkert om dei også jakta villrein, men det er nærliggande å tru.

Frå andre stader i landet veit vi at samane starta med tamrein alt på 1500–1600-talet. Hit til Setesdal kom dei fyrste til Bykle i 1886 då Jon Andersen Arefjell kom med 800–1000 dyr heilt frå Hattfjelldal. Det står meir om dette i den fine boka til Kjell Bitustøyl, Tamreindrifta i Setesdalsheiane.

Regulering av jakta

Heilt på slutten av 1800-talet kom det eit nytt gevær på marknaden. Krag-Jørgensen hadde konstruert ei armérifle som avløyste dei gamle flintlåsgeværa som berre kunne fyre av eitt skot før omlading. I 1894 tok Hæren i bruk denne nyskapningen som hadde fem mantelpatroner i magasinet og endå ei i løpet. Dette vart eit vendepunkt for veiding av rein. Alt i den gamle Gulatingslova var det slege fast at rein og anna var fritt vilt – bokstaveleg talt. Dette gjaldt overalt og til alle tider, og den gamle kulturen med å ta for seg det ein kunne, fekk eit alvorleg resultat med dette nye våpenet. Patronene i repeter-



Villrein. Foto Ragnar Djuvik.

geværa laga veg i flokken, og berre etter få år var store delar av bestanden skotne ned. Dei som hadde skaffa seg ein levemåte ved å selje det dei kunne felle fritt, fekk vel ei form for grådighet over seg, og utan restriksjonar gjekk det raskt nedover med stamma. Dyr vart også felte om vinteren, og det måtte eit regelverk til.

Alt i 1899 kom difor den fyrste jaktlova der det vart fastslege at det no var grunneigaren som hadde jaktretten og ingen andre. Dette var sjølvsagt hard kost for jegerane som framleis hadde bruk for kjøt og huder eller kan hende drive sal for å skaffe seg ein skilling til anna bruk. Difor vart det konflikhtar mellom det som hadde vore ein del av jakttradisjonen, og grunneigarane. Som om ikkje desse nye geværa var nok, auka roviltplaga på, og det vart etter kvart naudsynt å totalfredre villreinen i fleire år. Sjølvsagt vart reinen freda også om vinteren, men denne vinterjakta var det ikkje så lett å få


bukt med, og det kom til mange konflikhtar. For jegerane kunne det sjølvsagt vere strabasiøst å jakte utan eller med avgrensa løyve til overnattingar på stolar og buer, og i dette området er det heller ikkje så mange gode husvære i form av hellerar eller anna ly. Det vart eit slit å felle seg dyr ulovleg, og det vart eit slit å passe på at ikkje reinen vart heilt utrydda i Setesdal Vesthei.

Heiane blir kjøpte opp

Dyra vart freda i nokre år, og etter kvart voks stamma att – ikkje minst etter at Thorvald Meyer Heiberg hadde kjøpt opp mest ein million mål frå bøndene i Setesdal Vesthei og endå lenger vestover, men ikkje i Bygland. Dette er mykje omtalt andre stader, og eg vil berre nemne to tilhøve som sikra reinsdyrstamma og fekk vekst

i denne. Det er for det fyrste nedskytinga og fellefangsten av rovdyr og rovfugl. Sjølv sagt fekk dette effekt for stamma på kort sikt ved at ho auka. Men den meir langsiktige verknaden kan diskuteras ettersom dyra ikkje lenger fekk den naturlege seleksjonen sin ved at rovdyra – ikkje minst jerven – tok ut dei svakaste individa og såleis eigentleg styrkte stamma. Det andre tilhøvet heng saman med dette – nemleg at Heiberg bygde fjellhytter for utleige med fellingsløyve til. Gjestene var kan hende rikfolk som betalte med klingande mynt, eller troféjegerar som var ute etter den største bukken. Å ta ut storbukkane hadde motsett effekt av seleksjonen jerven dreiv med, og stamma vart til ein viss grad meir degenerert, og talet på dyr vart viktigare enn kvaliteten på dyra.

Mest truleg gjekk grunneigarane i Bygland sjølve på jakt, og det vart vel vanlegare å ta med slekt og vener, idet jakta gjekk meir og meir over til å bli rekreasjon, men nokre kort vart vel selde her og der – nett som i terrena til Heiberg.



Villreinjaktkommunar i Sør-Noreg, 1978.

Fellingstal

Etter at villreinstamma i Vestheia kom i vekst ut over i 30-åra, ser vi at dei fyrste jaktresultata frå 1936 syner ei felling av 42 dyr i Aust-Agder, alle i Setesdal. Men ingen dyr er registrert felte i Bygland før i 1945. Fellingstala for Bygland tek seg opp mot ein topp mellom 1960 og 1973. Oversynet nedanfor er henta frå Jaktstatistikk 1846–1977 frå Statistisk sentralbyrå (1978) og Jaktstatistikk 1978 frå Statistisk sentralbyrå (1979).

Med unntak av dei fire–fem toppåra kan det vanskeleg hevdast at villreinen har hatt mykje å seie økonomisk for Bygland. Mange har vel sett på jakta meir som ein hobby enn ein nærings-

veg. Likevel ser vi på nedgangen som eit tap. Vi har som nasjon og landsdel eit ansvar for å forvalte den bestanden som er att. Det er berre Noreg og Nord-Russland som har att villrein i Europa, og den sørlegaste av desse stammene er altså hos oss.

Vanskelege tider for reinen

Vi veit at reinsdyra og heiane er nøye tilpassa kvarandre: Reinsdyra har til alle tider bruka ulike areal til ulike årstider, og dei har vandringsmønster i syklusar. Slik blir beiteområda

1945 – 5	1958 – 7	1965 – 59	1972 – 78
1946 – 1	1959 – 4	1966 – 76	1973 – 26
1949 – 1	1960 – 24	1967 – 103	1974 – 17
1954 – 4	1961 – 37	1968 – 103	1975 – 3
1955 – 6	1962 – 8	1969 – 161	1976 – 7
1956 – 6	1963 – 57	1970 – 181	1977 – 1
1957 – 11	1964 – 40	1971 – 92	1978 – 4



rehabiliterte etter bruk. I tillegg kjem vandringer til kalvingsområda og beiting på ulike vekstar som kjem til ulike tider i vekstperioden. Til dømes kunne reinen utpå hausten trekke heilt ned i liene ved Langeid/Heggland for å beite på sopp.

Men summen av mange inngrep og tiltak i villreinområdet dei siste hundre åra har snevra inn dette søraustlege hjørnet av villreinriket. Også andre kommunar i randområda vest for oss opplever liknande tilhøve.

Fyrst blei det bygd nokre jakthytter og etter kvart fritidshytter, men helst i utkantane, og veganlegga til desse var marginale, så dei hadde truleg ikkje så mykje å seie for reinen. Men det er ikkje kontroversielt å seie at dei fyrste større menneskelege inngrepa i heiane – kraftutbyggingane – fekk stor verknad. Og ei vassdragsregulering med tilhøyrande oppdemmingar var og er heilt øydeleggjande for gamle trekkvegar.

Etter kvart er det hausta mykje erfaring om korleis slik utbygging og oppdemming av store magasin verkar inn, og den siste store oppdem-

minga ved Blåsjø førte til at trekkvegar måtte sikrast, mellom anna ved Steinsbuskardet. Etter at vegen frå Brokke til Suleskard kom i 1990, ser vi at det nok er denne som har hatt størst negativ verknad for reinen til våre kantar. I tillegg vart det ein stor reduksjon i stamma totalt i midten av 1990-åra. Denne reduksjonen kan ha teke ut preferansedyr med sykular til Bygland Vesthei. – Endåtil dei gamle veidefolka unngjekk å felle leiarsimla i flokken som hadde dei rette vandringerne ut frå kvar fangstanlegga var. Og denne reduksjonen av stamma saman med vegtrafikken sette desse gamle beiteområda i Bygland mest heilt utanfor. Kan hende burde det ha vore ei freding nokre år i desse randområda før denne nedslaktinga? Det er nok etterpåklokskap, men effekten ser vi òg i Åseral.

Gunstein Haugaa fortel at på Skomedal som høyrer til ytste delen av villreinområdet i Bygland, var det jakt frå 1962 til 1974. Han felte eit lite dyr på Falkefjell i 1974 – det var det siste, og då hadde det vore dårleg lenge. Det hadde vore opptil 32 fellingsløyve på Skomedal med



T.v. og over: Smaledrift i Sirdal.

om lag 25 felte dyr på det meste. Dei gamle sa at reinen trekte så langt ut som til Hakefjell, om lag rett vest av Skjevrak, eller til sjølv Byglandsbygda.

Samdrift med sau på heiane har vore diskutert som ei årsak til mindre rein, men det er lang tradisjon for sauedrifta, og dette er antakeleg eit mindre problem enn nokre vil ha det til. Desse store heieområda blir i alle fall utnytta for å gje best mogeleg avkastning på fleire vis, så lyt det tilpassast best råd.

Det går turistløyper i Langeid- og Hegglandsheia, og desse har kontakt med Brokke- Suleskardvegen. Alt i planlegginga av vegen var det røyster som vart heva med tanke på framtida til reinen sør for dette området. Vegen skulle vinterstengjast – det vart så, men seinare registreringar av dyr som kryssa vegen, synte tydeleg at dyra som ville sørover i oktober, vart ståande ved vegen utan å krysse. Dette var eit gammalt trekkmonster ut til mellom anna Langeids- og Hegglandsheiane. Men trafikken heldt dyra på avstand til vegen, og fyrst etter vinterstenginga kunne det observerast at dyr kryssa vegen. Dette er ein særleg viktig kryssande trekkveg aust for Roskrepp. Den nye 42 km lange vegen over fjellet, saman med den store reduksjonen i stamma nokre få år seinare, kan vere ei hovudårsak til at dyra er stort sett borte.


I dag er endå eit avbøtande tiltak på tale, nemlig å fjerne stykkevis med vegfenderar, men det

spørst om ikkje preferansedyra no alt er borte? Det synest dermed meir tilfeldig om det skulle kome nye dyr til området. Kan hende må det ei freding til sørom denne vegen sjølv om uttaka er små. Men med færre dyr totalt er det vel van-skeleg å kome tilbake til dei gode åra.

Nye inngrep i heiane må i størst mogeleg grad unngåast. Problemet er berre at når loddemidla ligg føre, så pressar ein kommune eller ei gruppe på sidan den «økonomiske gevinsten er større enn ulempene», som det blir sagt. Eit døme på dette er vindkraftutbygginga ved Hovatn i Bygland Austhei. Planane vart stoppa nettopp på grunn av villreinen der. Eg skal ikkje drive politikk, men vi ser at desse konfliktane spissar seg til andre stader i landet. Vi skal merke oss at frå andre stader ser vi at eit vern av villreinområde også er godt for andre artar.

Vernet kjem

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvern-område vart oppretta i 2000. Det er det andre største verneområdet i landet med 2385 km² i kommunane Bygland, Bykle, Valle, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal og Åseral og Forsand (no Sandnes) i Rogaland. Formålet er ambisiøst nok:



Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne. Pluss: Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Ikkje mindre!


Folk og dyr i Heiane

Ut over i 70-åra var dette ein vanleg frase: «Berre sø-austen held seg ei vikens tid, så kjem dyra!»

Då var dei på plass, på rett stad til rett tid, og det vart pakka sekker for heietur – gjerne til gamle stolar. Det var ikkje lenger slik at folk var nøydde til å felle dyr for maten si skuld, jakta var heller noko meir lysteleg – eit avbrekk i kvardagen. Ein grunneigar med jaktkort tok gjerne med seg vener, og ein nytta den tida ein

T. v. Nils Nicolaysen med kaffe og rullings.

T.h. Palmer Taksdal. Foto Trygve Skramstad. Frå "Boka om Heiane" Grøndahl & Søn 1982.



Knut Taraldson Langeid, Nils Nicolaysen og meg på veg heim frå Røynlid. Det er ei drug strekning.





Garden Pytten vest i heia.

kunne. Det var ei sosial hending – om ikkje korta vart selde då!

Ein slik grunneigar, Knut T. Langeid, vart eg kjend med på Langeid via ein gamal fiskeven som hadde vore med Knut på heia i fleire år, nokre av dei i den gode tida for reinsjakt. Knut dreiv bruksnummer 4, ein stor gard med meir enn full sauedrift og korn i tillegg. Til garden hørte fleire stolar, og den inste av desse var Røynlidkvæven inne ved Reinlidvatn, eller Røynli. Stølen var både gamal og skakk, men like fullt ein del av Knut sitt paradisi. Det var ikkje fisk att i vatnet, men ei blyanteikning av ein storaure med dato på innsida av «dynna ut til forstøga» vitna om at det hadde vore betre tider.

Denne kompisen min frå Eyje heitte Nils Nicolaysen, og på den tida eg vart med, var det ikkje så mykje rein att i heia. Likevel rådde optimismen, og det fekk våge seg om utbyttet vart magert. Etter kvart gjekk det meir over til rypejakt, og utan bruk av hund vart vi godt kjende i terrenget. Posting på reinsdyr er ei noko meir stillesitjande form for jakt og passa såleis godt for oss. Ofte kom vi inn til stølen noko sein-

haustes sidan det ofte var lite snø i heia, og då var det ofte spor i snøen etter små bukkeflokkar rundt vatnet, og det var no ei form for livsteikn det òg.

Nede på Langeid hadde Knut ein kjend nabo, Palmer Taksdal, som var ein mest legendarisk sauegjetar i heia. Han var heiesjef i Langeidheia, og i over 50 år tråla han heiane som gjetar. Han kom frå Time på Jæren og hadde god kontakt med bøndene som leigde beitemark i mellom anna Drifteheia vest i Bygland. Det hende vi kunne råke på kvarandre, og mang ein hyggeleg passiar fann stad i heia. Han hadde ein støl lenger nede, men han fortalde òg mykje om områda i vest, mellom anna den «Vida Legjå» vestom Reinshornnuten som var mykje bruka av gjetarane. Ein gong lærte han meg korleis eg skulle unngå å fryse om eg låg ute: «Du må leggje deg til rette og liggje dørgande stille heile tida under teppet eller fellen – ikkje rør deg, og du fryser ikkje!»

Bjarne Bratteteig kom med ei bok om Aanebjør i 1989. Dette skriv han om «Haustjakt»: «Men fyrst kjem jakti (før haustarbeidet).



Garden Ånebjør vest i Bygland.

Nils Nicolaysen, sonen Arild Nicolaysen og Torgeir Moseid (bak). Her sit vi ved tyskerbrakka i Simedalen og ser utover Setesdal. Opp denne kleiva bygde tyskarane veg og Herrefolket ville ha veg frå Setesdal til Stavanger. Fleire tyskerbrakker står att innover mot Gaukhei.





Fjellfly kjem inn for landing frå vest på Røynlivatn.

Nils Nicolaysen og grunneigar Knut T. Langeid ventar på Fjellfly for praktisk transport av folk og utstyr inn til Røynli(d)vatn.





Tamrein på beite på jordet ved Landeskogen i Grendi tidleg på 1980-talet.

Reinen let me vera. Det er berre slengdyr til vanleg som flakkar så langt sørover. So det fær vere til laglegare høve byd seg. Men elgjakta, den må me ta, det er avgjort.»

Elles er det sjølvsgagt historier frå det som er både godt og gale. Det har til dømes alltid gått føre seg tjuvjakt sjølv om det er lite statistikk for slikt. Heilt frå tida det var fritt fram for alle, og til i dag med reguleringar på alle område – klipping av fellingskort, plombering av våpen og anna som kunne fuskast med – har det nok mang ein gong kome med dyr til dalen med ei noko lyssky forhistorie. Slikt låg sjølvsgagt under ansvarsområdet til den lokale sheriffen, og det hende vel at ein og annan kunne sleppe unna den tid vi hadde nokre svært folkelege forvaltarar i lensmannsuniform rundt om i distrikta. Ein slik var vel Ånund Heggland i Bygland, og han fortalde sjølv om ein gong han hadde blitt varsla om skot og truleg tjuvjakt i Vestheia. Han møtte opp ved heivegen, og snart kom det ein kar. «Eg spurde om han hadde sett noko mistenkjeleg. Det hadde han inkje, men eg tykte jo det var noko rart at det draup blod av sekkjen!» (Han vart nok hekta!)

Skadeskyting og skyting mot flokk har vel òg hendt, kan hende meir før. Det har nok hjelpt

med nymotens våpen og siktemiddel, sjølv om oppsynet årleg avdekkjer skadetilfelle. Ein gong var det ein som hadde fyrst av eit skot etter nokre dyr som sprang oppetter, og ei simle fall. Då dei var i gang med slaktinga, kunne dei ikkje finne noko kulehol. Då vart det ymta frampå om simla hadde fått infarkt av smellen og var fysisk uskadd? Men så kom det for ein dag at skyttaren hadde fyrst laus beint bakfrå, og kula hadde gått inn like under halen og gjort sitt på veg framover i dyret. Ikkje ein heilt tradisjonell fellingsmetode, men effektiv likevel.

Ein annan «jeger» sat bak siktet for fyrste gong. Han fyrte av, og då han opna augo att, såg han at det låg eit dyr nede. Han fann fram kniven og bogesaga or sekken, og medan han var i gang, hørde han grynting bak seg. Der låg det eit dyr til i lyngen, og han var mest kry over å ha debutert med to rein i eitt skot!

Slike historier er ikkje så greie som dei kan høyrast ut i gode lag, og vi må vere glade for at vi har fått betre jaktmoral stort sett overalt i dag.

I Vestheia var det i mange år for nokså lenge sidan eit jaktlag austanfrå som heldt til årleg i Kolshei. Dei bruka sjøfly, og det tok av og landa i eitt og f auk austover att – truleg for å levere fangsten på eit hotell som vart drive av



Den gamle støylen Røynlid aust i Røynlidvatn.

ein av deltakarane. Kan hende var det ikkje til å undrast over at flyet fekk namnet «Kjøtekspresen».

Framtida

Det har svinga opp og ned for dyra våre, men vi må ta vare på dei inn i framtida. Har dei fyrst klara seg her sidan istida, ville det ha vore eit nederlag om dei forsvinn no. Det hadde vore ei sikring for dyra om dei kunne ha teke opp att bruken av desse randområda òg. Men det kjem stadig nye truslar mot stamma vår, til dømes vart det oppdaga skrantesjuka blant villrein i Nordfjella og på Hardangervidda. Dette kan fort bli for mykje for ei stamme som lever marginalt, og som no også har kome på raudlista. Vi må lære oss å verne om dei små villmarksområda som

er att, for å hjelpe naturen med mangfaldet. Dei stolte reinsdyra er høgt skatta og hardt plaga – juvelen i høgfjellet, *Rangifer tarandus*, må ikkje bli borte på vakta vår.

Kjelder

Viking 1989 – skrift av arkeolog Enar Østmo om utgravingane på Vassendøya: «Vassendøya i Bygland. Fra Setesdalens steinalder».

Boka Kultur og fornminner omkring Byglandsfjord av Reidar Tveito. Eige forlag 2020.

Bygdebøker frå Valle og Bygland.

Generell temasøking på internett.

Fellingsstatistikk SSB.

Div. frå Verneområdestyret SVR.

NINA-rapport 694.

Magasinet *Villreinen* og eigne bilete.



Nils Nicolaysen og Knut T. Langeid har trekt ut på vollen i haustsola.

